



<b>Dokumenttype:</b>	<b>Reviderast av:</b>	<b>Godkjent av:</b>
Retningsline	Ola Hovland	Anita Hustveit Zadig
<b>Prosess:</b>	<b>Versjon:</b>	<b>Godkjent dato:</b>
Organisasjon og leing	2.0	27.10.2023

## Etiske retningsliner

Fjaler kommune legg stor vekt på å drive ærleg og ha opne tilhøve i all si verksemd. Alle tilsette har ansvar for å etterleve dette. Som forvaltarar av samfunnet sine midlar, vert det sett sær s høge krav til den einskilde medarbeidar sine etiske haldningar i si utøving av arbeid for kommunen.

Alle pliktar lojalt å halde dei lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen. Dette inneber òg at alle er lojale mot administrative og politiske vedtak.

Alle tilsette er Fjaler kommune sine representantar utad. Medarbeidarane skal vere merksame på at dei dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldningar til kommunen. Dei skal difor ta aktivt avstand frå, og kjempe mot ein kvar uetisk forvaltningspraksis.

a) Tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar av ein slik art som kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuingar eller vedtak.

b) Som rettleiande øvre grense for gåver som t.d. reklamemateriell og blomar følgjer ein staten sine satsar, for tida ei øvre grense på kr. 600. Dette kan òg gjelde andre fordelar, t.d. i form av personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester.

c) Ved tilbod om gåver o.l. som har eit omfang som går ut over kommunen sine retningslinjer, skal ein kontakte næraste overordna. Mottekne gåver skal sendast i retur til avsendar saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine retningslinjer om dette.

d) Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidstilhøve og informasjonsutveksling. Likevel må dette ikkje kunne påverke avgjerdsprosessar, eller gje andre grunn til å tru det.

e) Reiseutgifter i fagleg samanheng skal dekkast av kommunen. Unntak frå dette prinsippet skal berre gjevast etter særskild vedtak.

Kommunen sine tilsette skal unngå å komme i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser. Dette kan òg gjelde tilhøve som ikkje vert ramma av habilitetsreglane i forvaltningslova. Dersom personlege interesser kan påverke avgjersler i ei sak som ein har fagleg ansvar for, eller som ein tek del i handsaminga av, skal dette takast opp med overordna. Døme på dette kan vere:

- Forretningsmessige tilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollegaer.
- Løna biverv som kan påverke eige arbeid i kommunen.

- Engasjement i interesseorganisasjonar eller politisk verksemd som vedkjem tilhøve
- som den einskilde arbeider med i kommunen.
- Personlege økonomiske interesser som kan føre til at vedkommande tilsett kjem i ein
- konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til den kommunale verksemda.
- Familiære og andre nære sosiale bindingar.

Leiarar og politikarar i Fjaler kommune skal registrere sine verv i styrevervregisteret.

Bruk av kommunen sine maskiner, bilar og anna utstyr kan berre skje i samsvar med fastsette retningslinjer innafor kvar enkelt tenesteeining, og etter samråd med leiar.

Fortrullege opplysningar som vert motteke i høve handsaming av saker i kommunen, må respekterast og ikkje nyttast til personleg vinning. All informasjon som vert gjeven i samband med verksemd for kommunen, skal vera rett og påliteleg. Ein skal ikkje medvete gje uklære formuleringar.